



BERGEN BOWLING KRETS

Årsmøteprotokoll 2010

Dette møtet:	11.03.2010	Stad:	Kvernevikstemma, Åsane	Tid:	18.00
---------------------	------------	--------------	------------------------	-------------	-------

Distribusjon:	Deltakere:
NBF, web, klubbar, kretsstyret, hallar	Nygård, Askøy, Fyllingen, Os, Kvam, Bergen BC, Vestkanten og Åsane samt Per Klausen frå Norges bowlingforbund.

Sak:	Emne:
1	Opning Per Klausen frå NBF heldt opningsapell. Han skrytte av kretsen, men meinte me kunne arbeide betre på rekrutteringsfronten.
2	Godkjenning av framøtte representantar og fullmakter -18 stemmeberettiga (13 + styret)
3	Val av ordstyrar og referent samt to som skal skrive under protokollen. - Ordstyrar: Bjørn Størksen - Referent: Frank Tangen - Underskrive protokoll: Børre Ørsahl og Franz Olsen
4	Årsmelding - Årsmeldinga vart opplest av ordstyrar. - Per Klausen frå NBF tipsar om at klubbane kan søke om ekstra midlar for dei som arbeider med psykisk utviklingshemma - Det manglar nokre resultat i oversikta: * NM U23 dobbel: Stine Helen Palmér og Sonja Vikse frå Askøy fekk 2. plass * EM-veteranar: Håkon Ingebrigtsen, Mascot nr 8 i dobbel klasse C - Årsmeldinga vart vedtatt
5	Innkomne forslag Forslag 1 frå kretsstyret: <i>6b. Hvis et lag trekker seg fra lokalligaen skal det betales en bot på kr. 1000,- til BBK. Dersom hallen ikke får betalt spill på banene som skulle vært benyttet i henold til terminlisten, må man regne med å måtte betale for dette. Dette blir en sak mellom klubben som har trekt laget og den aktuelle bowlinghallen. Kampene som laget har spilt eller skulle ha spilt ender med seier 5-0 til motstander som må spille kampen for å registrere pinnfall. Kampen kan spilles på lagets hjemmebane.</i> Kretstinget foreslår å legge inn tekst om at dette gjeld etter at turneringa startar samt at siste setninga om at kampen kan spelast på lagets heimebane vert sletta. Nytt forslag vert då: <i>6b. Hvis et lag trekker seg fra lokalligaen etter at turneringen er startet opp, skal det betales en bot på kr. 1000,- til BBK. Dersom hallen ikke får betalt spill på banene som skulle vært benyttet i henold til terminlisten, må man regne med å måtte betale for dette. Dette blir en sak mellom klubben som har trekt laget og den aktuelle bowlinghallen. Kampene som laget har spilt eller skulle ha spilt ender med seier 5-0 til motstander som må spille kampen for å registrere pinnfall.</i> - Det modifiserte forslaget vart einstemmig vedtatt.

Skaffarmyrane 60
5267 Espeland

Internett: www.bergen-bowlingkrets.no/



BERGEN BOWLING KRETS

	<p>Forslag 2 frå kretsstyret: <i>Kretsstyret foreslår å fjerne omgangsmedaljen. Begrunner dette med at det er ei NBF-turnering samt at det no er ulikt tal seriar på damesiden.</i> - Einstemmig vedtatt.</p>
6	<p>Rekneskap 2009 - Kasserar orienterte om rekneskapet - Per Klausen: Summen 7520,53 i revisjonsrapporten skal vere 7528,53 - Rekneskapet vart einstemmig godkjent med justeringa som er påført.</p>
7	<p>Budsjett 2010 - Kasserar gjekk gjennom budsjettforslaget. - Per Klausen: Viss klubbene har juniorsatsingar med kursaktivitetar så er det midlar å hente i NBF. Får materiell samt kr. 2000,- ved å arrangere juniorkurs. Pluss kr. 200 for kvar juniormedlem som vert registrert. Søknad må sendast etter avvikling av kurs. - Budsjettet vart einstemmig vedtatt</p>
8	<p>Val Valstyrets formann orienterte om at dei diverre ikkje har funne kandidat til sekretærstillinga. Dei foreslåtte kandidatane vart valgt med akklamasjon. Kretsstyret oppmoda så deltakarane på kretstinget til å stille som sekretær. Leon Larsen frå Askøy var sporty nok til å stille opp og vart valgt som ny sekretær.</p> <p>Styre i Bergen bowlingkrets 2010 vert då: - Per Arild Rasmussen, leiar (2 år) - Randi Hansen, nestleiar (1 år) - Anne Christine Bringedal, kasserar (1 år) - Leon Larsen, skrivar (2 år) - Bård Horgen, styremedlem (1 år) - Urban Östman, varamedlem (1 år)</p> <p>- Terje Jensen, revisor - Finn Arve Mjelde, revisor</p> <p>Ny valkomite: - Bård Horgen, Helene Helgesen og Kenneth Hodel Olsen (leiar)</p>

Frank Tangen
- Skrivar

Franz Olsen
(sign)

Børre Ørsahl
(sign)